



J14 laget jublar etter første siger i 1.divisjon

J14 laget til Rosendal/Uskedal vann som kjent si avdeling i 2.divisjon i vår, og rykte dermed opp til 1.divisjon. Der er dei eit av 10 lag no i haust. Dei skal då få bryna seg på dei beste laga i Hordaland, og første motstandar var Søreide som endte på 6.plass i 1. divisjon i vår.

Strålende ver og ei flott grasmatte på Rosendal Stadion skapte perfekte speleforhold, og då trenar Tor Gundersen stilte i dress og slips låg alt til rette for ein strålende kamp.

J14-laget som har eit solid innslag av Uskedalsjenter, markerte seg også svært så positivt i Norway Cup der dei spela ei glimrande turnering som vart toppa ved at dei presenterte seg for heile Noreg med ein god TV-kamp på TV2. Også første kampen i 1.divisjon gjev bod om ein kjekk haustseong. Etter at motstandar Søreide scora første målet og gjekk opp i 1-0 leiing, kom Rosendal/Uskedalsjentene i gong og kkontrollerte kampen inn til ein 4-2 siger.

Fyldig referat på [Rosendal turnlag si heimeside.](#)



[Trenar Tor Gundersen stilte i dress for anledningen.](#)

Tekst: Thor Inge Døssland og RT Foto: Rosendal turnlag Nett: Thor Inge Døssland.